

# PRESSEMELDING OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 30.04.20



Volda  
kommune

## PRESSEMELDING 30.04.20

**Smittestatus i Volda.** Til no er det testa 305 personar i Volda kommune, vi har ikkje fått tilbake fleire positive prøvesvar sidan 26. mars.

**Auka testkapasitet.** Kommunen har opna for å teste alle med symptom på luftvegsinfeksjon. Kontakt Volda legesenter for å gjere avtale om testing.  
Tlf: 70 05 89 00.

**Barnehagar.** Tilbodet som er starta opp held fram. I løpet av dei to neste vekene vil barnehagane gjere seg erfaringar som vil gje svar på om det er rom for å kunne utvide opningstida innanfor den personalressursen barnehagane har til rådvelde.

**Skulane** held også fram det tilbodet som er starta opp for 1.-4. klasse. For dei som går på skulefritidsordning, startar skuledagen kl. 08.00 og sluttar kl 16.00. Ved Hornindal skule er opningstida 07.30 – 16.30.

**Samarbeidet med FFO (VTI Fotball)** held fram neste veke. Dei elevane som til vanleg har sitt tilbod i FFO, får tilbod på SFO på sin skule. Formålet med samarbeidet er å halde på dei faste gruppeinndelingane i størst mogeleg grad. Skulane bur seg samstundes for oppstart for eldre elevar.

**Kulturskulen** har byrja å bu seg på oppstart for sine elevar. Her er det venta ein rettleiar for kulturskuleområdet, og oppstart blir først etter at denne rettleieren har kome.

**Vegen ned til Årsnest vert regulert.** På same måte som tidlegare år vert vegen stengt natt til 1. mai, 16. og 17. mai. Dette for å hindre store samlingar av bilar og ungdom på Årsnet.

### **Takk til ungdommen!**

Det er ein annleis vår og det blir ein annleis sommar. Ungdommens milepælar står ikkje på vent til dette er over, russetida blir ikkje som den skulle. Håper likevel at tida blir fin. Takk til ungdommen for at de held ut.

Ungdom kan vere i lag i mindre grupper, men må forsøke å halde seg til faste grupper. Russ kan også samlast men må forsøke å vere i mindre grupper og berre i lag med sine egne kull.

Kommunen har fått meldingar om at ungdom samlar seg alt for tett og i for store grupper. Det er viktig at alle gjer ein innsats for å hindre smittespreiing, også dei unge. Dersom alle forsøker å vere i lag i mindre grupper vil det gjere situasjonen langt mindre utfordrande dersom nokon får påvist Covid-19.

**Hald ut og følg råda.** Dette er særleg viktig no når ein opnar opp att delar av samfunnet. Nasjonale helsemyndigheiter er uroa for at smitta kan spreie seg dersom folk framover våren ikkje tek smitteverntiltaka like alvorleg som i starten. Den einskilde sin innsats er avgjerande for at vi kan unngå lokal krisetilstand.

**Rådhuset er framleis delvis stengt.** Dei fleste tilsette er på heimekontor, men sentralbordet er ope og det er høve til å gjere avtale med tilsette.

## **Ikkje ver redd for å ta kontakt!**

**Hjelp til å gjere innkjøp.** Personar med luftvegssymptom skal ikkje gå i butikken eller på apoteket. Du kan kontakte frivilligsentralane for å få hjelp. Frivilligsentralen i Volda: 917 25 639 Hornindal Frivilligsentral: 415 12 813

**Hjelpetelefon for psykisk helse eller rus.** Har du tankar eller uro i forhold til di psykiske helse eller rus? Ring oss om du har behov for å prate! Rus og psykisk helseteneste, telefon: 915 98 370. Telefontid: kvardagar kl. 10.00–14.00.

**Samtaletilbod.** Volda kyrkje har samtaletilbod, tlf 70 07 40 90, kvardagar.

**Ynskjer du telefonven?** Volda Røde kors har lang erfaring med besøksven, og tilbyr no telefonvener. Lokal kontaktperson er Sigrid Bjerkvik. Tlf.476 37 455.

**Treng du ein turven?** Å spasere seg ein tur er bra både for kropp og sinn, og har ein nokon å dele turen med kan det også verte ein god prat. Med rett avstand til turvenen er det trygt for smitte. Ynskjer du nokon å gå tur i lag med? Kontakt Frivilligsentralen på tlf, 917 25 639, vi har kontakt med frivillige som vil vere turvener.